

Detaljregulering for fortau Blindheim - Tynes

Oppdragsgivar
Oppdrag
Rapport type
Prosjektnr.
Dato

Sykkylven kommune
Detaljregulering fortau Blindheim - Tynes
Planomtale
21235
15.12.2022


Detaljreguleringsplan



INNHALDSLISTE

1	KORT OM PLANFORSLAGET	5
1.1	FORORD	5
1.2	AKTØRAR	5
1.3	LOKALISERING OG AVGRENSING AV PLANOMRÅDET	5
1.4	EKSISTERANDE SITUASJON	6
1.5	SAMANDRAG	7
2	PLANGRUNNLAG	8
2.1	PLANSITUASJON	8
2.1.1	STATLEGE OG KOMMUNALE FØRINGAR	8
2.1.2	KOMMUNEDELPLANEN SIN AREALDEL	8
2.1.3	GJELDANDE OG TILGRENSANDE REGULERINGSPLANAR	8
2.2	ANALYSAR SOM ARBEIDET ER BASERT PÅ	10
2.2.1	ANALYSAR OG UTGREIINGAR SOM LIGG FØRE VED OPPSTART	10
3	PLANPROSESSEN	11
3.1	OPPSTARTSMØTE OG FØRESETNADER FOR PLANARBEIDET	11
3.2	VURDERING ETTER <i>FORSKRIFT OM KONSEKVENsutREDNINGER (KU FORSKRIFTA)</i> – PLANPROGRAM	11
3.3	MEDVERKNAD	12
3.4	KONKLUSJON OG SAMLA VURDERING AV INNKOMNE INNSPEL	12
4	PLANOMRÅDET – EKSISTERANDE SITUASJON	13
4.1	BRUK AV PLANOMRÅDET	13
4.1.1	STADEN SIN KARAKTER, BYFORM OG ESTETIKK	13
4.2	KULTURMINNE OG KULTURMILJØ	14
4.3	LANDSKAP	14
4.3.1	TOPOGRAFI	14
4.3.2	LOKALKLIMA	15
4.4	FRILUFTSAREAL, REKREASJONSVERDI OG BRUK	15
4.5	NATURVERDIAR, VILTINTERESSER, ØKOLOGISKE FUNKSJONAR	15
4.6	GRUNNFORHOLD	16
4.7	JORDRESSURSAR/LANDBRUK/SKOGBRUK	18
4.8	TEKNISK OG SOSIAL INFRASTRUKTUR	19
4.8.1	TRAFIKKFORHOLD	19
4.8.2	VATN- AVLØP – OVERVATN	20
4.8.3	HØGSPENTLINJER, LEDNINGAR I GRUNNEN OG TRAFOSTASJONAR	21
4.9	BARN OG UNGE SINE INTERESSER	21
4.10	UREINING	21
4.10.1	STØYFORHOLD	21
4.10.2	LUFTUREINING	22

4.10.3	UREINA GRUNN	22
5	RISIKO OG SÅRBARHEIT	23
5.1	OPPSUMMERING KONKRETE TILTAK	23
6	SKILDRING AV PLANFORSLAGET	24
6.1	PLANLAGT AREALBRUK	24
6.1.1	PLANKART	24
6.1.2	REGULERINGSFØREMÅL	25
6.2	GJENNOMGANG AV AKTUELLE REGULERINGSFØREMÅL	25
6.2.1	GENERELT	25
6.2.2	FORTAU	25
6.2.3	BUSTADER-FRITTLIGGJANDE-SMÅHUS OG BENSINSTASJON/VEGSERVICEANLEGG	25
6.2.4	AVKØYRSLER	26
6.2.5	ANNAN VEGGRUNN – TEKNISK ANLEGG	26
6.3	UNIVERSELL UTFORMING I PLANFORSLAGET	26
6.4	OMSYNSSONER	26
6.5	FØRESEGNOMRÅDER	26
7	VERKNADER AV PLANFORSLAGET	27
7.1	TRAFIKKFORHOLD, TRAFIKKTRYGGLEIK OG FRAMKOME.	27
7.2	KULTURMINNE OG MILJØ	27
7.3	LANDSKAP	27
7.4	FRILUFTSAREAL, REKREASJONSVERDI OG REKREASJONSBRUK	27
7.5	NATURMANGFALD	27
7.6	JORDRESSURSAR/LANDBRUK/SKOGBRUK	27
7.7	BARN OG UNGE SINE INTERESSER	27
7.8	UNIVERSELL TILGJENGE	28
7.9	AVVEGING AV VERKNADER	28

		Prosjektnr: 21235		Dato: 15.12.2022	
Status /Rev:	Rev. gjeld:	Dato:	Sign:	KS:	
0	Utkast	14.09.22	MKB	BHM	
1	Utkast	15.12.22	MF	MKB	
0	Til 1. handsaming				
1	Revisjon – beskriv.				
Kontaktinformasjon: Nordplan AS Pb 224 6771 Nordfjordeid Tlf: 57 88 55 00 www.nordplan.no		Kundeinformasjon: Sykkylven kommune https://www.sykkylven.kommune.no/ Kontaktperson: Bjarte Hovland			
Prosjektleder: Monica Flatnes		Sign: 			
Kontrollert av: Monica Knoblauch Brathaug		Sign: 			

1 Kort om planforslaget

1.1 Forord

Nordplan sin planmal er basert på Kommunal- og Moderniseringsdepartementet (KMD) si detaljerte sjekkliste for planomtale, og er inndelt i tema i tråd med denne sjekklista. Nordplan har, der vi har funne det føremålstenleg, justert på rekkjefølgja til nokre tema i sjekklista, samt slått saman nokre overskrifter og lagt til nokre få punkt.

□

1.2 Aktørar

Plankonsulent Nordplan AS utarbeider på vegne av tiltakshavar Sykkylven kommune ein reguleringsplan som legg rammer og føringar for detaljregulering fortau Blindheim - Tynes.

Kontaktpersonar:

Kommunen: Bjarte Hovland

Nordplan AS: Monica K. Brathaug/Monica Flatnes

Oppdraget er utført i perioden januar 2022 – desember 2022.

1.3 Lokalisering og avgrensing av planområdet

Planområdet ligg på Blindheim – Tynes i Sykkylven kommune, vist med raud sirkel i kartutsnittet nedanfor.



Fig. 1 Oversiktskart - Planområdet ligg på Blindheim - Tynes i Sykkylven kommune, planområdet er merka med raud sirkel. (Kjelde: Norgeskart.no)

Planavgrensinga ved varsel om oppstart er vist med svart stipla linje i kartutsnittet nedanfor, og har eit samla areal på 2,4 dekar (daa). Denne er minska undervegs i arbeidsprosessen, som vist i kartutsnittet i figur. 3, og planområdet har no eit samla areal på ca. 2,0 dekar (daa).




Fig. 2 Kartutsnitt som viser varsla planavgrensing. Nordplan Fig. 3 Kartutsnitt som viser gjeldende planavgrensing. Nordplan

1.4 Eksisterende situasjon

Flyfotoet viser dagens arealbruk innanfor planområdet. Arealet er i hovudsak nytta til annet vegareal, bustadareal, bensinstasjon og avkøyrslar.

Meir detaljert om arealbruken i dag i kapittel 4.



Fig. 4 Flyfoto (Norgebilder). Planområdet ved varsel om oppstart er merka med stipla linje



Fig. 5 Flyfoto (Norgebilder). Gjeldende planområde er merka med stipla linje

1.5 Samandrag

Føremålet med planarbeidet er å detaljregulere ei fortausløyising langs Kyrkjevegen på Blindheim – Tynes, som vil erstatte den gjeldande reguleringsplanen som viser gang- og sykkelveg på strekninga. I den nye planen vil ein endre gang- og sykkelvegen i eksisterande plan til fortau, frå krysset ved Tynesvegen og bort til krysset ved Blindheimsvegen. Den gamle løysinga med gang- og sykkelveg er mykje meir plasskrevjande enn ei løysing med fortau. Med denne løysinga vil ein kunne minimere inngrepa i eigedomane langs den kommunale vegen.

Planen vil ikkje endre busetnaden i området, eller legge til rette for andre tiltak enn det som er planlagt i den gjeldande planen, utover endring frå gang- og sykkelveg til fortau.



Fig. 7 Reguleringsplan for "Klokkehaug - Tynes", vedteken 07.01.1982

Nærområdet er omfatta av følgjande reguleringsplanar:

- ✓ Reg. plan for Tynesvegen, parsell 1, gjeldande frå 09.02.2022

Utsnitt frå kommunens kartløyising syner omriss av gjeldande planar. Raud stipla linje syner forslag til ny plangrense.




Fig. 8 Utsnitt av kart over gjeldande planar i området

Planen vil erstatte delar av følgjande planar:

- ✓ PlanID 15281982001, Reguleringsplan gangveg Klokkehaug – Tynes, gjeldande frå 07.01.1982
- ✓ PlanID 15282004001, Reguleringsplan for Tynesvegen parsell 1, gjeldande frå 09.02.2004.

□

2.2 Analysar som arbeidet er basert på

2.2.1 Analysar og utgreiingar som ligg føre ved oppstart

- Regional kvikkleirekartlegging, NVE nr 66/2019
- Heilskapleg risiko- og sårbarheit, grovanalyse for Sykkylven kommune, 2017.

3 Planprosessen

3.1 Oppstartsmøte og føresetnader for planarbeidet

Plannamn er «Detaljregulering fortau Blindheim – Tynes». PlanID: 15282022001. Planen er ein detaljreguleringsplan etter plan- og bygningslova § 12 -3.

Det vart gjennomført møte med Sykkylven kommune i samband med oppstart av planarbeidet, 07.01.22. På møtet var Sykkylven kommune, tiltakshavar (her Sykkylven kommune) og Nordplan representert.

Følgjande er lagt til grunn som førande for planarbeidet:

- ✓ Gode løysingar for gåande/syklende skal innarbeidast i planen.
- ✓ Det vil ikkje bli lagt opp til nye avkøyrslar i planområdet. Ein bør likevel sjå på om det er behov for å gjere ei oppstramming av strukturen på dei eksisterande avkøyrslane.
- ✓ Fortausløyisinga må koplast til dei tilgrensande løysingane for gåande og syklende.
- ✓ Fortauet skal vere universelt utforma.
- ✓ Kulturavdelinga på fylket må avgjere om det er naudsynt med arkeologiske undersøkingar.
- ✓ Delar av planområdet ligg i aktsemdområde for områdeskred kvikkleire, delar ligg i aktsemdområde marin leire. Ein bør her ha ein dialog med NVE om det er naudsynt med ytterlegare undersøkingar innanfor områdeskredsona om ein skal etablere fortau her.
- ✓ Bredda på fortauet bør ha ein bredde som tilfredsstillar brøyteutstyret som blir brukt på slike vegar i kommunen.
- ✓ Det skal settast krav i føresegnene om at fortau skal byggast etter ein standard etter gjeldande handbøker.
- ✓ Ein må undersøke med Sykkylven energi, Straumen nett og Telenor om det er leidningar i området ein må ta omsyn til.
- ✓ Kommunen vurderer det slik at ein ikkje treng å få gjennomført ei støyvurdering knytt til reguleringa, grunna at fortau ikkje vil auke støynivået.

3.2 Vurdering etter *Forskrift om konsekvensutredninger* (KU forskrifta) – planprogram

Vi har gjennomgått Forskrift om konsekvensutgreiing for planer etter plan- og bygningslova §§ 6, 8 og 10 (i kraft 01.07.2017). Vi finn ikkje grunnlag for eit automatisk KU-krav. For denne typen tiltak er det ikkje krav om planprogram.

3.3 Medverknad

Varsel om oppstart for detaljregulering for fortau langs Kyrkjevegen, på Blindheim – Tynes.

■ I medhald av plan- og bygningslova §12-8 blir det med dette varsla oppstart av detaljreguleringsplan for fortau langs Kyrkjevegen på Blindheim – Tynes, Sykkylven kommune. Det er ynskje om å endre til fortau, der gjeldande reguleringsplan viser gang- og sykkelveg.

■ Planområdet vil i hovudsak bestå av eigedomen 18/168 og mindre delar av 18/10, 18/39, 18/46, 18/96, 18/103, 18/145 og 18/167.

■ Nordplan AS er plankonsulent på vegne av eigarar av Sykkylven kommune. Aktuelle innspel til planarbeidet skal sendast til Nordplan AS v/Monica K. Brathaug, Notenesgata 14, 6002 Ålesund eller per e-post mkb@nordplan.no

■ **Merknadsfristen er sett til 02.03.2022.**





■ arkitektur
■ konstruksjon
■ landskap

Nordfjord Eidgata 45
Førde Langbruvvegen 9
Gullfjord Vågåvegen 35
Ålesund Notenesgata 14

Nordplan AS
tlf 57 88 55 00
www.nordplan.no

Varsel om oppstart:

Planen vart i medhald av plan- og bygningslova § 12-8 kunngjort oppstarta med annonse i Nyss og e-post eller brev til grunneigarar, naboar, lokale og regionale høyringsinstansar. Frist for merknader var sett til 02.03.22. Planarbeidet er også annonsert på kommunen og Nordplan sine heimesider (nordplan.no).

Liste over varsla partar går fram av varslingsbrev, datert: 18.01.22. Det er kome inn 7 innspel i annonserings-perioden. Desse er summert opp og vurdert i eige skjema, vedlegg 01.

3.4 Konklusjon og samla vurdering av innkomne innspel

Kort samanfatta har ein teke med følgande innspel vidare i planarbeidet:

- Systemskifte mellom fortau og gang- og sykkelveg vil vurderast i planarbeidet.
- Handbok N100 og N101 leggst til grunn for planarbeidet.
- Fortauet vil tilpassast stadlege forhold, slik at ein oppnår ei best mogleg løysing.
- Ein vil vere varsam under opparbeiding av området, og dersom ein kjem over noko som kan vere automatisk freda kulturminne, pliktar ein å stoppe arbeidet og ta kontakt med kulturavdelinga i fylkeskommunen for avklaring. Tiltakshavar pliktar å underrette den som skal utføre arbeidet om dette, men står også sjølv ansvarleg for at det vert overhaldt.
- Ein er merksam på at det er ein eldre kalkomn på Blindheim. Ein vil varsle fylkeskommunen dersom tiltaket endrar seg slik at kulturminnet vert rørt.
- Ein vil følgje rettleiar «Samfunnstryggleik i kommunen si arealplanlegging»
- Område med fare, risiko eller sårbarheit skal merkast av i kartet som omsynssone.
- Prinsippet om universell utforming skal takast i vare i planlegginga, jamfør plan- og bygningslova §1-1
- Det er gjort kartlegging av fare for kvikkleireskred i Sykkylven kommune. Ein er gjort kjend med kva som gjeld for det aktuelle området.
- Det vert kravd ansvarsrett for Geoteknikk (RIG) i byggesak.
- Ein vil nytte NVE si internettside for arealplanlegging, særleg «kartbasert rettleiar for reguleringsplan»

- Dersom planen rører ved NVE sine saksområde, skal NVE ha tilsendt planen ved offentlig ettersyn. Det er viktig at alle relevante fagutgreiingar innan NVE sine saksområde er vedlagt.

4 Planområdet – eksisterande situasjon

4.1 Bruk av planområdet

4.1.1 Staden sin karakter, byform og estetikk

Området er i dag brukt til sideareal til vegen, noko hage og eit strekke går over området til bensinstasjonen.




Fig. 9 Ortofoto av planområdet

Tilgrensande areal langs vegen i sør er nytta til fortau og i nord er den nytta til gang- og sykkelveg.

Langs planområdet ligg det fleire eigedomar med sitt hageområde mot plangrensa. Det er også etablert hekk på ein liten del av planområdet.

Planområdet går også over området til ein bensinstasjon.

4.2 Kulturminne og kulturmiljø

Det er ikkje registrert automatisk freda kulturminne eller kulturmiljø innanfor planområdet, men det er gjort funn av kulturminne i tilgrensande områder. Ein vil vere varsam under byggeprosessen og gjennomføre arkeologiske registreringar dersom ein gjer eventuelle arkeologiske funn.




Fig. 10 Bildet viser registrert kulturminne i nærområdet. (kjelde Fylkesatlas.no)

4.3 Landskap

Planområdet ligg i landskapsregion 20 – Kystbygdene på Vestlandet i Norsk institutt for jord- og skogkartlegging (NIJOS) sin kartlegging av landskapsregionar i Norge. Regionen strekker seg frå Boknafjorden i sør til Romsdalsfjorden i nord. Landskapet er kupert og er prega av øyar, halvøyar og skjergard. Kysten på Sunnmøre er særleg prega av ruvande øyar. Klimaet er sterkt oseanisk med milde vintre. Næringsrik grunn gir stader med frodig vegetasjon, men det regionale preget er snautt og karrig.

Kysten har gamal busetting. Busettingsmønsteret ber preg av at tilgang til sjø har vore viktig.

Landskapet i og rundt planområdet er vurdert til å være typisk for landskapsregionen slik den er skildra av NIJOS.

I sjølve planområdet er landskapet i hovudsak flatt, og opparbeida med vegareal, hagar og område for bensinstasjon.

4.3.1 Topografi

Planområdet ligg innanfor eit område som er registrert med mogleg marin leire og fare for kvikkleire.



Fig. 11 Utklipp av kvikkleirekartlegging (kjelde: fylkesatlas)

4.3.2 Lokalklima

Landsdelen har ei fuktig klima med mykje nedbør. Det vil truleg forsterkast som konsekvens av framtidig klimaendring. Det er milde vintrar og dermed liten snømengd. Vindmålingar frå målestasjonen på Vigra viser at kraftige vindar oftast kjem frå sørleg og sørvestleg retning. Planområdet vert ikkje vurdert til å ligge spesielt utsett til med tanke på dominerande vindretning.

4.4 Friluftsansreal, rekreasjonsverdi og bruk

Hovudsakeleg er arealet innanfor planområdet utbygd med vegsystem, næring og bustadar. Tiltaket vil gi samanhengande tilbod for dei mjuke trafikantane, og på den måten gi tryggare tilkomst til dei eventuelle friluftsområda som er i nærleiken.

4.5 Naturverdiar, viltinteresser, økologiske funksjonar

Planområdet er hovudsakeleg utbygd med vegsystem, næring og bustadar, og det er ikkje konkrete registreringar i naturbasen eller i artskart om verdifulle naturtypar eller artar som kan verte påverka av planen.

Det er ikkje registrert viktige naturtypar innanfor planområdet, eller spesielle verdiar i høve biologisk mangfald.

Kunnskapsgrunnlaget vert med dette vurdert til å vere tilstrekkeleg, i samsvar med Naturmangfaldlova §8.

Forholdet til Naturmangfaldlova er drøfta vidare i kapittel 5 - ROS-analyse.

4.6 Grunnforhold

Området er kartlagt for kvikkleire, og resultatene viser at det er stor sannsyn for kvikkleire i Sykkylven. Planområdet ligger under marin grense.

Temaet diskuteres nærmere i ROS-analysen.




Fig. 12 Utsnitt frå fylkesatlas som syner område med mogleg marin leire.

Ein kan også sjå i kommunedelplanen at noko av planområdet ligg under faresone H310_2 «aktsemdsone for områdeskred». I NVE sin rapport «Regional kvikkleirekartlegging» er det ikkje påvist potensiell fare for områdeskred innanfor planområdet. Det påpeikast likevel at lokale skredfarar kan tilkome.




Fig.13 Utsnitt frå kommunedelplanen for sentrum - Ikornnes, kjelde sykkyllven.kommune.no

Ut i frå biletet med kartlegging frå NVE nedanfor kan ein sjå at delar av planområdet er innanfor aktsemdsdområde for områdeskred.




Fig. 14 Kartleggingsområde kvikkleire NVE

4.7 Jordressursar/landbruk/skogbruk

Jordbruksinteresser

Kartet nedanfor syner at det på motsett side av vegen for planområdet er der fulldyrka jord. Innanfor planområdet er der samferdsel, skog og bygd område.




Fig. 15 Kartutsnitt frå fylkesatlas som syner arealressurskart AR5

Skogbruksinteresser

Kartutsnittet nedanfor syner skogtype innanfor planområdet. Skogen består av skogtypen lauvskog.




Fig. 16 Kartutsnitt frå fylkesatlas som syner skogbruk/skogtype

4.8 Teknisk og sosial infrastruktur

4.8.1 Trafikkforhold

Det er ikkje registrert trafikkmengd på kommunevegen. Ut i frå vegkart.no kan ein sjå at det ikkje har skjedd trafikkuulykker på strekninga innanfor planområdet.




Fig. 17 Utklipp frå vegkart.no syner trafikkuulykker som har vært i nærleiken.

A map of the Blindheim area. The map shows several roads: Blindheimsvegen, Kyrkjevegen, Tynesvegen, and Ulvsbakken. Landmarks include Sjøbakken Camping, YX Sykkylven, and Blindheimsskule. A red circle highlights Blindheimsskule.

NO 925 768 480 MVA
Bankkonto: 3790 05 03459

4.8.3 Høgspenlinjer, ledningar i grunnen og trafostasjonar

Det er ikkje høgspenlinjer innanfor planområdet, som ein kan sjå på biletet nedanfor.




Fig. 20 Kartutsnitt frå NVE som syner leidningsnett

Bildet nedanfor syner kablar i området. Oransje linje i kartet syner at ein kan kome i konflikt med kablar ved Ulvsbakken, elles ligg dei på motsett side av vegen for tiltaket.



Fig. 21 Kablar i området. (kart frå Straumen nett)

4.9 Barn og unge sine interesser

Det er ikkje areal tilrettelagt for opphald og leik innanfor planområdet. For å ivareta barn og unge sine interesser, er det m.a. viktig å få til eit heilskapleg tilbod for gåande/syklande i planområdet, spesielt sidan strekninga er ein skuleveg.

4.10 Ureining

4.10.1 Støyforhold

Det er ikkje gjort støyvurderingar langs kommunalvegen. Ein ser det heller ikkje som naudsynt, då tiltaket ikkje vil endre støysituasjonen.

4.10.2 Luftureining

Det er ikkje kjend at der er luftforureining innanfor planområdet.

4.10.3 Ureina grunn

Det er ikkje kjend at grunnen innanfor planområdet er forureina.

5 Risiko og sårbarheit

Risiko- og sårbarheitsanalyse for planområdet er lagt ved som eige dokument.

Etter gjennomgang av ROS-sjekklista i vedlagt analyse, er det konkludert med følgande moglege hendingar innanfor planområdet som hamnar over grønt nivå:

- Kvikkleire. NGU sitt lausmassekart syner at grunnen hovudsakeleg består av marine avsetningar. Det er og sannsynleg å finne marine avsetningar under elveavsetningane. Delar av planområdet er kartlagt til aktsemdområde områdeskred i NVE sin eksterne rapport nr. 66/2019 «Risiko for områdeskred i Sykkylven kommune». Førekost av kvikkleire kan ikkje utelukkast i desse områda.

5.1 Oppsummering konkrete tiltak

Det einaste som hamnar i gul kategori er omsynet til kvikkleiremoglegheita i området. Sørlege delen av planområdet ligg i omsynssone marin leire. Det er i desse områda anbefalt frå NVE at ansvarsområde geoteknikk (RIG) er belagt i forbindelse med byggesak. Dei nordlege delane av planområdet ligg innanfor aktsemdområde områdeskred. Forutsett at her ikkje vil vere graving i skråning har NVE anbefalt å sette bygging av planlagt fortau til tiltakskategori K0 utan forverring og at råda som er gitt i vedlegg 2 NVE-rettelearen nr. 1/2019 «Sikkerhet mot kvikkleireskred» vert følgt. Ansvarsområde geoteknikk (RIG) skal også her vere belagt i forbindelse med byggesak.

- Under byggesak skal det vere belagt ansvar på geoteknikk (RIG).
- Følgje råda som er gitt i vedlegg 2 i rettelearen nr. 1/2019 «Sikkerhet mot kvikkleireskred»
- Vise omsyn til kablar/leidningar før og under byggeprosessen.

6.1.2 Reguleringsføremål

Arealet er fordelt på dei ulike reguleringsføremåla slik tabellen viser.

Arealformål	
§12-5. Nr. 1 - Bygningar og anlegg	Areal (daa)
1111 - Bustader-frittliggjande-småhus (2)	0,6
1360 - Bensinstasjon/vegserviceanlegg	0,4
Sum areal denne kategori:	1,0
§12-5. Nr. 2 – Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur	Areal (daa)
2011 - Køyreveg (4)	0,2
2012 - Fortau (3)	0,5
2018 - Annan veggrunn – teknisk anlegg (3)	0,3
Sum areal denne kategori:	1,0
Totalt alle kategorier: 2,0	

6.2 Gjennomgang av aktuelle reguleringsføremål

6.2.1 Generelt

N100 «veg- og gateutforming» er lagt til grunn i planen. Køyrevegar, avkøyrslar og fortau skal utformast i samsvar med gjeldande vegnormalar med material av god kvalitet og ha ei estetisk god utforming. Nytt veganlegg skal utførast slik at det blir best mogleg tilpassa eksisterande terreng og omgjevnader.

Før utbygging av veganlegget, skal det utarbeidast ein byggeplan som detaljert viser utforming av veg, vegutstyr, skråningar m.m. i samband med utarbeiding av byggeplan for fortauet skal det lagast plan for eventuell naudsynt omlegging av kablar og leidningar.

6.2.2 Fortau

Fortau merka o_FO skal vere offentleg fortau, og skal dimensjonerast og opparbeidast med linjeføring og breidder som vist i plankartet samt etter krav frå vegeigar. Fortauet sør i planområdet er lagt inn med 3,0 meters breidde i plankartet, medan i nord er det lagt inn med 2,0 meters breidde, dette for å tilpasse til eksisterande infrastruktur i forbindelse med bensinstasjonen.

6.2.3 Bustader-frittliggjande-småhus og Bensinstasjon/vegserviceanlegg

For bustadarealet (BF) og næringsarealet (BV) er det berre teken med ei lita stripe i planområdet. Dette for å setje av nok plass til fortau, og ikkje regulere noko meir enn naudsynt. BYA må avklarast i eventuelle seinare reguleringsprosess.

6.2.4 Avkøyrslar

Avkøyrslar langs det kommunale vegnettet er vist med pilsymbol. Ved endringar på eksisterande kryss og avkøyrslar skal dei utformast i samsvar med N100 «Veg- og gateutforming».

6.2.5 Annan veggrunn – teknisk anlegg

Området for annan veggrunn, teknisk anlegg, kan nyttast til skjering, fylling, grøft, rekkverk, mur, støyvoll/-skjerm og snøopplag. Teknisk infrastruktur som rør, kablar, veglys og slukar kan plasserast innanfor føremålet. Arealet skal ha same eigarform som tilsvarande tilgrensande vegareal.

Det kan etablerast interimsvegar innanfor arealet regulert til annan veggrunn.

6.3 Universell utforming i planforslaget

All planlegging og utbygging innanfor regulert område, skal basere seg på prinsippet om universell utforming og tilgjenge for alle, jf. handbok V129 «Universell utforming av veger og gater». I planen gjeld dette først og fremst tilrettelegging ved utforming av fortau samt kryssingspunkt. Detaljar må følgjast opp i byggeplanfasen.

6.4 Omsynssoner

Frisiktsoner er lagt inn i plankartet. Sjå reguleringsføresegnene for aktuelle tiltak.

6.5 Føresegnområder

Aktsemdområda for høvesvis marin leire og områdeskred er lagt inn i plankartet som føresegnområder. Sjå reguleringsføresegnene for aktuelle tiltak.

7 Verknader av planforslaget

7.1 Trafikkforhold, trafikktryggleik og framkome.

Det aktuelle området på Blindheim – Tynes er i dag ein strekning utan tilbod for mjuke trafikantar. I begge ender av denne strekninga er der løysingar for gåande og syklende, og etablering av eit tilbod her vil skape ein tryggare skuleveg og gi eit heilskapleg tilbod til dei som nyttar strekninga.

Ein vil med denne planen gå vekk i frå gang- og sykkelveg på strekninga, og heller etablere fortau. Dette vil vere med på å gi strekninga eit gatepreg, og ein vil krevje mindre areal frå dei tilliggjande eigedomane.

7.2 Kulturminne og miljø

Ei utbygging av fortau her vil ikkje kome i konflikt med kulturminne. Men ein er gjort merksam på at ein skal vise omsyn til at der er kulturminne i nærleiken, og stanse arbeidet dersom ein oppdagar noko som kan vere av betydning.

Planen har ikkje negativ verknad for kulturminne/-miljø.

7.3 Landskap

Området er i dag dominert av eksisterande veganlegg. Inngrepet vil gje ubetydelege konsekvensar for landskapet.

7.4 Friluftsansreal, rekreasjonsverdi og rekreasjonsbruk

Etablering av fortau vil ikkje påverke friluftsansreal negativt. Bättre framkome for gåande og syklende vil ha positiv verknad. Planen legg til rette for å etablere eit godt og trafiksikkert tilbod for mjuke trafikantar.

7.5 Naturmangfald

Planforslaget har ingen konsekvensar for naturmangfaldet. Arealet er i all hovudsak utbygd i dag med veg og næring. Det er ikkje registrert viktige naturverdiar, viltinteresser, naturelement eller biologisk mangfald som må takast vare på innanfor planområdet.

7.6 Jordressursar/landbruk/skogbruk

Planforslaget får ingen konsekvensar for jordressursar/landbruk/skogbruk.

7.7 Barn og unge sine interesser

Planforslaget legg til rette for trygg ferdsel for gåande og syklende ved å etablere eit samanhengande tilbod innanfor planområdet.

7.8 Universell tilgjenge

Planforslaget vil binde saman tilbodet for dei mjuke trafikantane som er i begge ender av planforslaget. Med dette vil strekninga vere meir tilgjengeleg for alle. Universell utforming er ivaretekt i planen.

7.9 Avveging av verknader

Det er ikkje avdekka at planforslaget vil ha særleg negativ verknad på samfunn og miljø. Planområdet er i stor grad utbygd med vegsystem og næring frå før. Det er ikkje registrert viktige naturverdiar, biologisk mangfald.

Samla sett er planforslaget venta å ha ei positiv verknad. Ei utbygging i tråd med planforslaget vil gje ei meir trafikksikker løysing og betre framkome for alle trafikantgruppene både innanfor planområdet og til/frå tilgrensande område.

Vedlegg

Følgande dokument skal følge saka:

- Føresegner, datert 14.12.2022
- Plankart, datert 14.12.2022
- Oppsummering av innspel, datert 24.05.2022.
- ROS-analyse, datert 14.12.2022
- Varslingsbrev, datert 18.01.2022.
- Skredfarevurdering, NVE datert 10.09.2019.